

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 622/2002

2004/EØS/29/14

av 11. april 2002

om fastsetjing av fristar for framlegging av opplysningar om kjemisk definerte aromastoff som vert nytta i eller på næringsmiddel(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2232/96 av 28. oktober 1996 om fastsetjing av ein framgangsmåte for Fellesskapet for aromastoff som vert nytta eller skal nyttast i eller på næringsmiddel⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Målet med forordning (EF) nr. 2232/96 er å fastsetje ei liste over aromastoff som er dei einaste som er tillatne. Denne lista skal fastsetjast etter ei vurdering av dei aromastoffa som vert nytta i eller på næringsmiddel.
- 2) I medhald av den nemnde forordninga vart det ved kommisjonsvedtak 1999/217/EF⁽²⁾, sist endra ved vedtak 2002/113/EF⁽³⁾, vedteke eit register over aromastoff som vert nytta i eller på næringsmiddel.
- 3) Dei opplysningane som er naudsynte for vurderinga av stoff som er førde opp i registeret, vart fastsette i kommisjonsforordning (EF) nr. 1565/2000⁽⁴⁾, der det er fastsett eit vurderingsprogram for dei kjemisk definerte aromastoffa som er førde opp i vedtak 1999/217/EF.
- 4) I artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1565/2000 er det fastsett kva opplysningar den som er ansvarleg for marknadsføringa av det aktuelle stoffet, skal leggje fram for at vurderingsprogrammet skal kunne gjennomførast. Dersom opplysningane for eit visst stoff ikkje vert gjorde tilgjengelege innan eitt år etter at den nemnde forordninga vart vedteken, bør Kommisjonen få melding om datoen då desse opplysningane kan leggjast fram.
- 5) I det første gjennomføringsåret til vurderingsprogrammet har dei som er ansvarlege for marknadsføringa av dei stoffa som er førde opp i registeret, gjennom *European Flavour and Fragrance Association* lagt fram opplysningar for delar av dei stoffa som er førde opp i vedtak 1999/217/EF, og meldt frå til Kommisjonen om datoane for når opplysningar om resten av stoffa kan leggjast fram.
- 6) For å sikre ei smidig gjennomføring av vurderingsprosessen kan Kommisjonen no fastsetje fristar for framlegging av dei opplysningane som er nemnde i artikkel 3 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1565/2000.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. Fristane for framlegging av opplysningar om aromastoff i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1565/2000 er fastsette i vedlegget.
2. Kommisjonen kan lengje fristen som følgje av ein grunngjeven søknad frå den som er ansvarleg for marknadsføringa av slike stoff. Søknaden må vere lagd fram innan fristen går ut.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunningjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 11. april 2002.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunningjord i EFT L 95 av 12.4.2002, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 161/2002 av 6. desember 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 9 av 13.2.2003, s. 13.

⁽¹⁾ TEF L 299 av 23.11.1996, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 84 av 27.3.1999, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 49 av 20.2.2002, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 180 av 19.7.2000, s. 8.

VEDLEGG

Aromastoff	Frist for framlegging av dei opplysningane som er nemnde i artikkel 3 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1565/2000
Stoff som skal prioriterast ved vurdering (merkte med nr. 3 i kolonna «Merknader» i vedlegget til vedtak 1999/217/EF)	31. desember 2002
Stoff som høyrer til gruppe 1, 2, 4, 5, 8, 9, 10 og 20 i vedlegg I til forordning (EF) nr. 1565/2000	31. desember 2002
Stoff som høyrer til gruppe 6, 7, 14, 15, 21, 22, 23, 24, 25 og 29 i vedlegg I til forordning (EF) nr. 1565/2000	31. august 2003
Stoff som høyrer til gruppe 3, 11, 12, 13, 16, 17, 18, 19, 26, 27, 28, 30, 31, 32, 33 og 34 i vedlegg I til forordning (EF) nr. 1565/2000	30. juni 2004